



Franzefoss Gjenvinning AS
v/Ronny Thomassen
Knarrevik Næringspark
5355 KNARREVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 16/31547

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

24.11.2016

Informasjonsbrev vedkomande levering av fett i Bergen kommune

Lindås kommune har motteke melding frå Vann og avløpsetaten i Bergen om at det vert levert fettmassar som inneheld grus og anna slamavfall frå septik. Dette skadar mottaksanlegget på Flesland og påfører Bergen kommune store driftskostnader.

Bergen kommune skal, i løpet av 2017, opne nytt biogassanlegg. Mottak på Flesland vil gradvis verte fasa ut i løpet av 2018. Dersom De som tømmeoperatør skal få halde fram med å levere fett frå Lindås til mottaket i Bergen, er det viktig at reglementet for levering av fett følgjast. Alle fettmassar skal vere reine.

For Dykk som tømmeoperatør betyr dette at køretøy som skal hente fett må vere heilt rein før henting. Kvar enkelt operatør må òg kontrollere at anlegg som vert tømt ikkje inneheld andre typer avfall (stein, slam, plasthansker etc). Dersom det vert registrert at anlegg i Lindås inneheld andre typer avfall, må kommunen varslast om dette. Vert slike anlegg tømt, skal Bergen kommune godkjenne levering av massane.

For å sikre at mottaket i Bergen skal vere tilgjengeleg for kommuner i omegn, er det viktig at kvar enkelt tømmeoperatør går igjennom sine rutinar for reingjering av køyretøy og tømning av anlegg.

Lindås kommune har ikkje mottak som er godkjent for denne typen avfall. Vi er derfor avhenging av Dykkar tilbakemelding på avvik i anlegg for å kunne utføre tilsyn med desse. Vi håper at De som tømmeoperatør vil melde frå om slike avvik slik at vi saman kan sikre at fett som vert levert til mottaket i Bergen er reine.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Franzefoss Gjenvinning AS	Knarrevik Næringspark	5355	KNARREVIK
Johnny Birkeland Tranport / Septik 24			
NG Norsk Gjenvinning SAR	Postboks 98	5848	BERGEN